

Nordhordland kompetanseregion

for grunnskulen, NKR

Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

REFERAT FRÅ MØTE 02/17 I REGIONAL BARNEHAGEGRUPPE 28.03.17

DESSE MØTTE: Sylvi Ann Handtveit, Astrid N. Sylta, Grete Urdal, Rita Amundsen, Åshild Hope Herland, Mette Marei Træland, Maja Aven Dahle (for Alf Strand), Ragna Midtbø og Dina Dyrhovden

MELD FORFALL: Alf Strand

10/17 INNKALLING OG SAKLISTE

Ingen merknader.

Vedtak: Innkalling og sakliste er godkjent.

11/17 REFERAT FRÅ FØRRE MØTE 09.02.17

Møte 30.05 med fylkesmannen er enno ikkje avklara. Leiar ventar på avklaring. Det er kalla inn til samling i juni for barnehageeigar.

Vedtak: Referat er godkjent.

12/17 TILSYN

Arbeidsseminar i Stordalen 25.-26.04. Lokale og overnatting er bestilt. Det er nettilgang og alle konferansefasilitetar og utstyr tilgjengeleg.

Behov for å avklare deltaking frå Masfjorden og Fedje. Maja avklarar Masfjorden. Dina sjekkar med Fedje kommune.

Åshild og Astrid orienterte om planen for arbeidet på seminaret. Delte ut oversikt over tema og kva grupper som tek ansvar for dei ulike tema. Noko vert gjort i plenum. Usikker deltaking frå Fedje og Masfjorden, så dei er plasserte i grupper med 3.

Dokument: Aktuelle dokument til kvar gruppe var laga til og fordelt på gruppene: Trondheim kommune. Kvinnherad kommune. Metodehandbok.

Det er forventat at alle har med barnehagelova

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64> og forskrift

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-03-01-266?q=forskrift%20barnehage>.

Må også ha med resultatata frå gobanundersøkinga. <https://goban.no/>

Erfaringar frå førre tilsynsrunde: Korleis få dette med? Førebuing til arbeidsseminar: Kvar kommune tenkjer gjennom kva me opplevde/lærte under førre runde med tilsyn. Så vert dette teke opp i starten av arbeidet i Stordalen.

Kommunane som er med i KS –satsinga «Den gode barnehageeigar» tek med sine erfaringar til Stordalen.

Arbeidsgruppa takka Astrid og Åshild for godt arbeid så lang! Alle tek ansvar for å førebu seg.

Deltaking og overnatting

Kommune	Deltakar
Fedje	1 deltakar, kjem attende med namn
Modalen	Grete Urdal
Radøy	Rita Amundsen
Osterøy	Sylvi Ann Hanstveit
Austrheim	Åshild Hope Herland
Meland	Mette Marei Træland
Lindås	Astrid Namtveit Sylta
Masfjorden	Under avklaring

13/17 NY RAMMEPLAN

Det vert arrangert 2 felles kursdagar v/Kari Pape hausten 2017, 14.08.17 og 10.11.17. Koordinator orienterte om avtale med Kari Pape. Det må avklarast tal deltakarar på dei 2 dagane. Førebelse tal: Austrheim 60, Radøy 80-90, Modalen 13, Lindås ?, Masfjorden 20? Meland ?

Koordinator sender ut skjema for kartlegging av deltakarar til kommunane. Påmelding går via kursbasen.

14/17 PLAN FOR KURS OG KOMPETANSEHEVING 2017-2019 (vedlegg 1)

Gjennomgang av plan for 2017-19.

Styret i NKR vedtok plan for 2017-2019 som ein overordna plan. Innhaldet i dei ulike kurs og samlingar vert planlagt etter kvart.

Behov i dei ulike kommunane:

Osterøy: Fagdag 10.11.17 Kari Pape. Realfag. Held fram med «Være sammen» relasjonar. Implementering av ny rammeplan må ha fokus 2017-18. Mogeleg at Osterøy køyrer eige opplegg for sine.

Austheim: Realfag. IKT. Språkløyper. Psykisk helse/relasjonsbygging. Pedagogisk leiar si vegleiingsrolle – vegleiingskompetanse (Aktuelt å ha noko med NLA-studiepoeng i regi av NKR?).

Lindås kommune: Pedagogiske leiarar og styrarar – endringsleiing. Pedagogisk leiing og rettleiing. Språklege minoritetar, barn med traumer. Realfag og IKT vert etterspurt i rapportering. Lindås kommune har søkt om å bli språkkommune. Språkløyper.

Meland: Har søkt om vidareføring som realfagskommune. Får midlar til deltaking, nettverk, ekstern kompetanse og ekstern samarbeidspart. Det vert likevel truleg deltakarar frå Meland på kurs og samlingar i NKR-regi.

Radøy: DUÅ for halvparten av barnehagane. Realfag. IKT. Innvandring og kultur, møte med framanspråklege. Kommunikasjon med foreldre og barn.

Modalen: Språkutvikling og språkmiljø, språkløyper. Pedagogisk leiing. IKT og realfag.

Masfjorden: DUÅ for 2 av 3 barnehagar, Realfag, IKT, språk og kultur.

Kurs som kan gå utanom planleggingsdagar for delar av personalet:

Minoritetsspråklege er aktuelt vår 2018. Vegleiing. Pedagogisk leiing – kursrekkje utanom planleggingsdagar.

Drøfting: Korleis ligg me an i høve til det me har hatt kompetanseheving i tidlegare? Connexus – PULS. Kva har vore, kva kan me hente opp att? Kva brukar me? Viktige refleksjonar. Så er det slik at det er nye folk som vert rekruttert og det er behov for etter- og vidareutdanning.

NKR held fokus på dei sentrale føringane i sine tilbod. Det er også synleg i NKR sine planar. Søknad om kompetansemidlar må kvar kommune søkje om. NB! Tidlegare søknadsfrist i 2017! Desse midlane har føringar på følgjande tema: Rammeplan. Barns språkutvikling. Realfag. Eit godt barnehagemiljø. IKT. Dei yngste. Likestilling.

Rettleiing til nyttilsette nyutdanna via NLA. Barnehagegruppa tenkjer at dette er noko ein ynskjer skal halde fram.

Oppsummering:

Koordinator samanfattar innspela.

Koordinator innhentar tal på deltakarar frå kommunane 14.08.17 og 10.11.17, slik at ein kan planlegge kapasitet 10.11.17 i neste møte.

Plan for 10.11.17 per dd :

- Koordinator sjekkar og bestiller realfagstilbodet som gjekk ut pga sjukdom hausten 2016.
- Kari Pape er på plass.
- Relasjonar – Line Melvold Profesjon og kjerlighet (med vekt på psykisk helse) – koordinator bestiller.

15/17 ENDRING I BARNEHAGELOVA - SPESIALPEDAGOGISK HJELP

Skjema for melding om behov for tilrettelegging: Mette, Sylvi Ann og Astrid har gjort eit arbeid med eit skjema som kan nyttast både av foreldre og barnehage. Sende dette til KF som utarbeidde skjema. Fekk tilsendt eit skjema som er tilpassa. Gjennomgang av skjemaet. Astrid noterte innspela som kom. Astrid og Ragna tek språkvask. Astrid melder til KF.

Oppsummering: Reg. barnehagegruppe takkar for arbeidet som er gjort. Når skjemaet er ferdig vert det sendt ut lenke til dei andre kommunane, slik at dei kan bestille skjema til sin kommune.

Erfaringar med meldingar om tilrettelegging etter 19 g.

Ulik erfaring og mengd saker i kommunane. Kommuneleddet må ha dialog med styrar om tilrettelegginga, må vurdere kva kan ein få til innanfor det ordinære tilbodet. Spanande å behandle og viktig å arbeide med formuleringar av tilsagn og avslag. Deling av erfaring er viktig – aktuelt på seinare møte.

16/17 GLØD

Sylvi Ann orienterte frå GLØD-nettverket. Fokus på implementering av rammeplan. Høgskulane sitt tilbod om etter- og vidareutdanning vert sendt ut. Kompetanseheving /fagbrev til assistentar utan fagutdanning held fram. Papirversjon av rammeplanen er venta klar til august.

Implementering: Planlegge dette. Legitimitet. Forståing. Leiing. Rettleiing. Fykesmannen si rolle i implementering: Det vert kalla inn til samling for barnehageeigar i juni. GLØD-konferansen. Kjem fylkesmannen ut i regionane?

Sylvi Ann orienterte om nasjonale senter på ulike fagområder:

<https://www.udir.no/om-udir/nasjonale-senter/>

I neste møte må barnehagegruppa datofeste regional styrarsamling som ein tenkjer i oktober. Leiar har kontakt med fylkesmannen i høve til deltaking frå dei.

17/17 SKRIV OG MELDINGAR

- a) Referat frå styremøte NKR 10.03.17
- b) Statpedkonferansen 2017: Språk i tusen former. Astrid og Dina orienterte kort. Lenke til streaming-opptak og presentasjonar:
<http://www.statped.no/tjenester/kurs-og-konferanser/konferanser/arlige-konferanser/statpedkonferansen/statpedkonferansen-2017/program/>
- c) Kompetanse for mangfald – Minoritetspråklege: Lindås kommune er med. Får vegleiing frå HVL – har plukka ut 1 barnehage, 2 ungdomsskular og vaksenopplæring. Skal no definere kva ein har bruk for hjelp til.
- d) Søknadsskjema barnehage Visma/KF – nytt i 2009 (?) med nye og betre funksjonar i høve til saksbehandling og arkiv, koordinering med barnehageprogrammet. Dersom kommunen skal ha dette skjemaet så må det gjerast ei rigging i kvar kommune (det vil gå med ein del tid i kvar kommune) på systemnivå. Dersom alle kommunane vil ha dette nye skjemaet må ein setje dette i bestilling. Opning for at Visma utpå våren til å gjere jobben. Astrid har kontakt med Visma. **NKR (v/ Astrid og koordinator)** innhentar informasjon om nye funksjonar, kostnad og behov for felles opplæring til reg.barnehagegruppe.

18/17 YMSE

- Utfordringar i høve til opptaket. Visma: Oppdateringar på system i høve til folkeregister.
- Rapportar til kontanstøtte NAV. Fungerer ikkje.
- Neste møte: tysdag 30.05.17 kl 1200-1530.

Sylvi-Ann Hanstvedt
leiar

Dina Dyrhovden
koordinator

